

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE HELSE VEST RHF 3. SEPTEMBER 2014

**STAD
MØTETIDSPUNKT**

**Rica Maritim Hotel, Haugesund
3. september 2014 kl 1230 – 1600**

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerande direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Torunn Nilsen ref.

SAKLISTE

- Sak 082/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- Sak 083/14 Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 09.05.2014
- Sak 084/14 Administrerande direktør si orientering
- Sak 085/14 Rapportering frå verksemda per juli 2014
- Sak 086/14 Høyring – Fritt behandlingsval
- Sak 088/14 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 13. mai 2014
- Sak 089/14 Oppdragsdokument 2014 - tilleggskdokument etter Stortingets behandling av Prop. 93 S (2013-2014)
- Sak 090/14 Oppnemning av medlemmer til valstyre for Helse Vest RHF

- Sak 091/14 Stifting av nasjonalt helseføretak for samordning innan eigeomsområdet - «Sykehusbygg HF»
- Sak 092/14 Orientering om St. Meld 27 – Eit mangfoldig og verdiskapande eigarskap
- Sak 093/14 Eventuelt
Skriv og meldingar

LUKKA DEL

Møtet blir lukka med heimel i Helseføretslova § 26a (2) nr. 4

- Sak 084/14 Administrerande direktør si orientering pkt. 6 – Status forhandlingar Spekter området

Møtet blir lukka med heimel i Helseføretakslova § 26 a nr. 5

Sak 084/14 Administrerande direktør si orientering pkt 7 -TSB konkurransen

Møtet blir lukka med heimel i Helseføretslova § 26a (2) nr. 4

Sak 094/14 Val av organisatorisk modell for Sjukehusapoteka Vest HF, for å tilfredstille ESA krav Saksførelegget til sak 094/14 er u.off. j.f. Offl. § 23.

Før styremøtet var det fellesmøte med styret i Helse Fonna med følgjande program

Omvising ved BUP Haugesund, orientering om status i Helse Fonna HF, BUP i Helse Fonna – vegen vi har gått, presentasjon av tavleprosjekt og apotekprosjekt.

082/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar ønskja velkommen til møtet og orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Det var ikkje meldt om forfall til møtet.

Til dagsorden:

Styreleiar orienterte om at møtet blei lukka under AD si orientering pkt. 6 - Status forhandlingar Spekter området, møtet blei lukka med heimel i Helseføretakslova § 26a (2) nr 4.

Styreleiar orienterte om at møtet blei lukka under sak 094/14 - Val av organisatorisk modell for Sjukehusapoteka Vest HF for å tilfredstille ESA krav, møtet blei lukka med heimel i Helseføretakslova § 26a (2) nr 4.

Nytt pkt på AD si orientering:

Styreleiar orienterte om at det blei eit tilleggs punkt under AD si orientering, Pkt 7 -TSB konkurransen, møtet blei lukka med heimel i Helseføretakslova § 26 a nr 5.

Dokument som er delt ut i møtet:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet
- Oppdatert forslag til vedtak – Sak 086/14 Høyring, Fritt behandlingsval

Eventuelt:

Det var ikkje meldt saker til eventuelt.

Styret sitt kvarter:

Styreleiar orienterte om at etter styremøtet ville det bli styret sitt kvarter. Styret sitt kvarter er lukka for publikum og presse og administrasjonen deltek heller ikkje.

Vedtak (samrøystes)

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 083/14 Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 09.05.2014

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen.

Sak 084/14 Administrerende direktør si orientering

Ope del

1. **Rapportering tilsynssaker**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
2. **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
3. **Oversikt over aktuelle høyringar**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
4. **Status i arbeidet med «Alle møter»**
Neste leveranse for Vestlandspasienten.no, er 22. september. Mellom anna går vi då i produksjon med følgjande forbetringar:
Røntgentimar i Helse Bergen og Helse Stavanger, Innsyn for pårørende med barn under 12 år på same folkeregistrerte adresse som forelder,
«Fullskala» elektronisk meldings-funksjonalitet frå 33 til 180 einingar,
Betre vising av timar (namn på behandlar m.v.)
Oppdaterte telefonnummer og epost frå portalen til DIFI
5. **Samhandling med private på radiologi området – ref. medieoppslag Curato**
Helse Vest har 3 parallelle avtalar med Curato.
Tilleggsavtale om vidarehenvising i Helse Fonna og Helse Stavanger, fungerer godt i Fonna området.
Helse Stavanger sin situasjon har endra seg og det må vurderast om kreftdelen av avtalen med Curato bør terminerast.
Styret ønska ei sak/notat til styret 23. oktober om strategi for kjøp hos private, kva slags styringsredskap Helse Vest har i forhold til privat og korleis styringsredskapa blir nytta, samt oppfølgingsregime i anskaffingar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering

Sak 085/14 Rapportering frå verksemda per juli 2014

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per juli 2014 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 57 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 80 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er i hovudsak høgare enn per juli 2013, både for innlagde døgnpasientar, dagbehandling, poliklinisk behandling, og for talet genererte DRG-poeng. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare poliklinisk aktivitetsnivå innan BUP og psykisk helsevern for vaksne samanlikna med same tid i 2013. Det er og generert fleire utskrivne døgnpasientar innan psykisk helsevern for vaksne. Talet på liggjedøgn hittil er lågare enn førre år, både innan PHV og BUP.

Prosentdelen fristbrot for behandla låg på 4 % i juli 2014. Innan somatikken er korridorpasientar framleis ei utfordring, men talet pasientar på korridor har halde seg rimeleg stabilt dei seinaste månedane. Innan psykisk helsevern har talet korridorpasientar gått opp i Helse Bergen og ned i Helse Stavanger sidan førre rapportering. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen gjekk ned i sommar og ligg no på eit historisk lågt nivå. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 86 % innan somatikken og 76 % innan psykisk helsevern i juli 2014.

Det er ein nedgang med 0,3 % i det samla sjukefråværet i juli 2014 i forhold til juni 2014. Samanlikna med juli 2013 har det samla sjukefråværet gått ned med 0,5 % og sjukemeldt fråvær har gått ned med 0,4 %. 69,03 % av einingane i føretaksgruppa har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for juli 2014 og 68,44 % av einingane har eit

sjukemeldt fråvæer under 4,5 % for juli 2014. Den korrigererte gjennomsnittlege stillingsprosenten for juli 2014 er på 92,07 %.

Det er ein nedgang med 817 brutto månadsverk frå juli 2014 til august 2014 samla for føretaksgruppa. Netto månadsverk har gått ned med 206 månadsverk i same perioden samla for føretaksgruppa. Auken i brutto månadsverk i juni-juli skuldast tilsetting av ferievikarar for å dekke opp for ferieavviklinga. Ferievikarane avsluttar arbeidsforholdet dei første vekene i august.

For juni 2014 var det rapportert 2 135 hendingar samla for føretaksgruppa. Første halvår 2014 var det rapportert 14 037 hendingar mot 10 725 rapporterte hendingar same periode 2013. Av totalt rapporterte hendingar 2014 var 477 valdsrelaterte tilsetteskadar, mot 424 rapporterte valdsrelaterte tilsetteskadar i same periode 2013.

Det er totalt registrert 49 311 varsel om moglege brot i føretaksgruppa første halvår 2014. Gjennomsnitt per månad utgjer 8 219 varsel, som utgjer eit gjennomsnitt på 0,31 tilfelle per gjennomsnitt tilsett.

Det økonomiske resultatet i juni var kr 63,7 mill. som var kr 28,9 mill. betre enn budsjettet. I juli var resultatet kr 100,5 mill. som er kr 40,1 mill. betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 531 mill. som er kr 192,7 mill. betre enn budsjettet. Med unntak av Sjukehusapoteka Vest HF melder føretaka prognosar for året som er i tråd med budsjett. Samla investeringar per juli er på kr 883 mill. Dette utgjer omlag 45 % av budsjettet investeringsnivå i 2014. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Styret kommenterte at innleigeregimet i Helse Stavanger var annleis enn i dei andre HF-a, og var opptekne av at også på dette området må det vere eit mål å få til standardiserte rutinar og organisering. Styret ønska at dette blei følgt opp vidare i oppfølgingsmøte.

Styret var uroa over det stadig aukande talet på alvorlege truslar mot tilsette, men avventar styresak om dette hausten 2014.

Når det gjeld prognose for 2014, vil styret komme tilbake til dette i oktober. Styret var opptekne av at det må formidlast at alt «overskot» går tilbake til drift eller investeringar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2014 til etterretning.

Sak 086/14 Høyring - Fritt behandlingsval

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring eit forslag om å innføre fritt behandlingsval i spesialisthelsetenesta. I forslag til høyringsuttale blir følgjande særleg vektlagt:

- Det er vesentleg at fritt behandlingsval ikkje blir presentert som ei generell ordning som vil omfatte alle typar behandling, men at ordninga berre er eigna for tilstandar/sjukdommar der det er klart kva for behandling pasienten skal ha.
- Det er viktig at eksisterande system for kva for aktørar som kan gjere rettighetsvurdering av tilvisingar, blir ført vidare.
- Det blir understreka at løysingar på dei praktiske problema, særleg knytt til samansette pasientforløp og IKT-løysingar, må vere på plass før fritt behandlingsval-ordninga startar opp.
- Det blir uttrykt bekymring for at fritt behandlingsval kan gi prioriteringsforskyvingar og føre til tap av nøkkelpersonell. Ordninga bør derfor monitorerast undervegs for å følgje med på om den får uheldige konsekvensar.
- Pasientar som vel fritt behandlingsval bør ha rett til individuell plan ved behov for langvarige og samansette tenester. Det er særleg viktig for pasientar innanfor rusbehandling og psykisk helsevern at tenesteytarar har ansvar for å ivareta heilskapelege og koordinerte tenester. Dersom dette er vanskeleg å oppnå, stiller Helse Vest spørsmål ved om desse pasientgruppene er eigna for fritt behandlingsval.
- Det bør difor vurderast auka løyvingar for å finansiere den meiraktivitet som fritt behandlingsval kan medføre

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest gir uttale til Helse- og omsorgsdepartementet i tråd med vedlagt forslag til høyringsuttale om innføring av fritt behandlingsval i spesialisthelsetenesta, med dei språklege endringane som blei gjort i møtet.
2. Styret ønska følgjande tillegg som eit nytt avsnitt 3 i kapittel 2 « Generell innleiing» i høyringssvaret: «Slik forslag til FBV er beskrevet i høringsnotatet, vil det offentlige tilbud om spesialisthelsetjenester bli delt i to: Et i regi av RHFene, og FBV forvaltet av Helsedirektoratet på utsiden av det tilbud RHFene gir. En oppsplitting av dagens enhetlige «sørge for» ansvar medfører fare for å utløse uklarhet hva gjelder ansvar for pasientgrupper og enkeltpasienter. Videre kan prinsippene om likeverdige helsetjenester og prioritering i samsvar med gjeldende lovgivning utfordres. Ivaretagelse av «sørge for» ansvaret er komplekst og krevende. En ny ordning som i realiteten splitter dette ansvaret bør være særlig godt begrunnet, selv om det er to statlige organer som er involvert. Helse Vest kan ikke se at det i høringsnotatet gis tilstrekkelig gode begrunnelser for en slik oppsplitting, og mener «sørge for» ansvaret fortsatt bør være plassert et sted og klart definert».

Stemmeforklaring:

Dei tilsettalde sine styremedlemmer Lise Strømme, Reidun Johansen, Tom Guldhav og Aslaug Husa, viste til høyringar gitt av dei tilsette sine organisasjonar nasjonalt.

Sak 087/15 Årsplan for styret i Helse Vest RHF 2015

Oppsummering

Årsplan er eit verktøy for å skape oversikt, strukturere styrearbeidet og prioritere tida slik at dei rette og viktige sakene får breiast plass.

I årsplanen for 2015 er det lagd inn to styreseminar for styret i Helse Vest RHF.

Det er lagd inn fellesmøte med styra i dei 4 sjukehusføretaka i Helse Vest. I tillegg er det lagt inn fellesmøte med brukarutvalet i Helse Vest, og presentasjon av Helse Vest IKT AS, Sjukehusapoteka Vest HF, dei private ideelle og av pasient- og brukaromboda i Helse Vest.

Etter styret sin gjennomgang, blei møteplanen for 2015 som følgjer:

Dato	Sted	Aktivitet
04.feb	Stavanger	
03.mar	Stavanger	Presentasjon av Helse Vest IKT
04.mar	Stavanger	Styreseminar med HF-styra
08.apr	Helse Fonna	Fellesmøte med styret i Helse Fonna
06.mai	Stavanger	Presentasjon av pasientomboda i Helse Vest
18.jun	Bergen	Fellesmøte med styret i Helse Bergen

17.sep	Førde	Fellesmøte med styret i Helse Førde
15.okt	Stavanger	Presentasjon av Sjukehusapoteka Vest
10.nov	Bergen	Fellesmøte med det regionale brukarutvalet
11.nov	Bergen	Styreseminar med styreleiar og AD i HF-a
10.des	Stavanger	Presentasjon av Helse Stavanger HF

Vedtak (samrøystes):

Styret slutta seg til årsplanen for 2015, med ei endringane som kom fram i møtet.

Sak 088/14 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 13. mai 2014

Oppsummering

Tysdag 13. mai 2014 kl. 15.30 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Teatergata 9, Oslo.

I møte 13. mai kl. 15.30 blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Årleg melding 2013
- Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2013
- Sak 5 Godkjenning av godtgjering til revisor

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokollen frå føretaksmøtet 13. mai 2014 til etterretning.

Sak 089/14 Oppdragsdokument 2014 - tilleggskdokument etter Stortingets behandling av Prop 93 S

Oppsummering

Som følge av Stortinget si behandling av Prop. 93 S (2013-2014) har Helse- og omsorgsdepartementet sendt ut eit tilleggskdokument til oppdragsdokumentet til Helse Vest for 2014. Aktuelle krav vil bli vidareformidla til helseføretaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok tilleggskdokument til oppdragsdokumentet for 2014 til etterretning.

090/14 Oppnemning av medlemmer til valstyre for Helse Vest RHF

Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF kan ha inntil ti medlemmer. Inntil sju medlemmer blir oppnemnd av føretaksmøtet. Føretaksmøtet utpeikar leiar og nestleiar.

I tillegg skal dei tilsette velje tre styremedlemmer med vara medlemmer. Med utgangspunkt i dei partsforhold som gjeld, deltek styremedlemmer som er vald av og blant dei tilsette ikkje i behandling av saker som gjeld arbeidsgivar si førebuing til forhandlingar arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakar organisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler.

Styremedlemmane blir oppnemnde for to år om gongen. Same funksjonstid gjeld for styremedlem vald av og blant dei tilsette, som skjer kvart anna år. Siste val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette var i februar 2013.

Ved val av styremedlemmer av og blant dei tilsette skal det no veljast tre styremedlemmer med varamedlemmer jf. føretaksmøtet 7. januar 2014. Dette inneber det at talet på styremedlemmer vald av og blant dei tilsette vil blir redusert i tråd med føretaksprotokollen av 7. januar 2014 frå og med mars 2015.

Vedtak (samrøystes):

Valstyret for Helse Vest RHF, for valet i 2015, skal ha følgjande medlemmer:

- Aslaug Husa, konserntillitsvald for LO, Helse Stavanger - leiar
- Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN, Helse Stavanger - nestleiar
- Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør, Helse Vest RHF

Sak 091/14 Stifting av nasjonalt helseføretak for samordning innan eigdomsområdet «Sykehusbygg HF»

Saka blei utsett til neste møte.

Sak 092/14 St Meld 27 - Orientering om - Eit mangfoldig og verdiskapande eigarskap

Oppsummering

Regjeringa presenterte i juni si eigarskapsmelding. Meldinga går igjennom regjeringa sin eigarskapspolitikk og korleis det statlege eigarskapet skal utøvast.

Ved brev av 13. august 2014 var styret inviterte til å kome med innspel til varsla gjennomgang av staten sine retningslinjer for godtgjering til leiande tilsette. Styret var samde om å ikkje gje kommentarar til dette.

Vedtak (Samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 093/14 Eventuelt

Situasjonen på Kvinneklinikken i Bergen

Styret var uroa over om oppfølginga etter tilsynssakene ved Kvinneklinikken i Helse Bergen har vore god nok. Styret ønska ei orientering om situasjonen frå Helse Bergen HF i forhold til pasient tryggleik, kommunikasjon, arbeidsforhold, samt kva tiltak som står igjen å implementere.

Opning av Stavanger DPS

Styreleiar deltok på opninga av Stavanger DPS.

Møte med fylkesutvalet i Sogn og Fjordane

Styreleiar, administrerande direktør og styremedlem Olin Johanne Henden deltok på møte med fylkesutvalet i Sogn og Fjordane.

Orientering om finansieringsmodell

Styret ønska ein gjennomgang av finansieringsmodell HOD – RHF og RHF – HF til eit styreseminar i forkant av styremøtet i oktober.

Lukka del

Sak 084/14 Administrerande direktør si orientering

Møtet var lukka med heimel i Helseføretakslova § 26a (2) nr. 4. Styremedlemmer valt av og blant dei tilsette var ikkje til stades under denne orienteringa j.f. vedtektene § 8 andre ledd.

6. Status forhandlingar Spekter området

Administrasjonen orienterte om status i forhandlingane med Akademikerane. Mekling startar i morgon.

Møtet var lukka med heimel i Helseføretakslova § 26 a nr 5.

7. Konkurransen – Tverrfagleg spesialisert behandling – rus (TSB)

Administrasjonen orienterte om status i forhandlingane med leverandørar av tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Det er no etablert 8 avtaler med 7 forskjellige leverandørar, som sikrar styrking både innan døgnbehandling, dagbehandling, poliklinisk behandling og ambulante tenester. Avtalane er innafor den økonomiske ramme som styret blei orienterte om i juni 2014.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering

Møtet var lukka med heimel i Helseføretakslova § 26 a(2) nr 4
Saksførelegget til sak 094/14 var u.off. j.f. Offl. § 23. 1.

094/14 Val av organisatorisk modell for Sjukehusapoteka Vest HF, for å tilfredstille ESA krav

Oppsummering

ESA har over fleire år hatt til behandling ei klagesak mot den norske sjukehusapotekordninga knytt til påstand om ulovleg statstøtte. I brev av 20. november 2014 konkluderer ESA med at finansieringa av sjukehusapoteka ikkje er i tråd med EØS-avtalens regler om offentleg støtte og at finansieringa såleis må endrast. ESA uttaler at dagens organisering/ finansieringssystem ikkje hindrar at offentlege midlar kan overførast til den konkurranseutsette delen av sjukehusapoteka sin aktivitet (publikumsdelen).

I brev av 27. januar 2014 frå HOD til de regionale helseføretaka legg HOD til grunn at dei regionale helseføretaka sikrar at drifta av sjukehusapoteka blir innretta i samsvar med ESA sitt vedtak innan 1. januar 2015.

Helse Vest valde å organisere arbeidet som eit prosjekt, i samarbeid mellom Helse Vest RHF og Sjukehusapoteka Vest HF. Prosjektet sin leveranse har vore å kartlegge og utgreie følgjande strategiske alternativ for Publikumsdelen (PUB) av SAV;

- Alternativ A – Separate rekneskap innanfor dagens organisasjonsform

- Alternativ B – Skilje ut i eiga selskap (vurdere eigarskap HF/RHF og eventuelt vurdere samling i eit nasjonalt selskap)
- Alternativ C – Konkurransetsetting/verksemdsoverdraging (eventuelt vurdere sal)

Prosjektet har tilrådd at ein vel alternativ A for tilpassing til ESA sine krav. Tiltrådinga har fått sin tilslutning både i prosjektet sin styringsgruppe og ved behandling av saka i styret for Sjukehusapoteka Vest.

Administrerande direktør tilrår at styret slutter seg til dei tilrådingane som er gitt, og at det i regi av Sjukehusapoteka Vest HF blir sett i gang eit arbeid som sikrar implementering av alternativ A innan 1. januar 2015. Inkludert i arbeidet inngår å utgreie effektiv styringsstruktur internt i SAV relatert til denne omlegginga.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret viste til behandling av saka i styret i Sjukehusapoteka Vest HF 14. august 2014, sak 46/14, og slutta seg til val av framtidig organisering av Sjukehusapoteka Vest for å tilfredsstillе ESA sine krav.
2. Styret la til grunn at det blir etablert eit implementeringsprosjekt internt i Sjukehusapoteka Vest HF som sikrar implementering av det valde alternativ innan 1. januar 2015. Inkludert i dette arbeidet inngår også å utgreie effektiv styringsstruktur internt i Sjukehusapoteka Vest relatert til ein slik omlegging.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 040614 – Rapportering pr. april 2014
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 090714 – Oversending av rapport frå tilsyn BUP Øyane 190614
- Brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Helse Vest RHF, dagsett 230614 - Tilsynssak - Helse Vest RHF - Curato Røntgen AS om kjøp av radiologitjenester med henvising fra helseforetak
- Brev frå Helse Vest RHF til Helse Stavanger HF, dagsett 210114 – Samarbeid mellom Helse Stavanger og Curato Røntgen
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 090714 – Oversending av rapport - tilsyn BUP Voss 170614
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 080714 – Oversending av rapport frå avslutta tilsyn - avdeling patologi - Helse Stavanger HF
- Brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Helse Vest RHF, dagsett 170714 - Orientering om avslutta tilsynssak - Jæren DPS
- Brev frå organisasjonen ATROP til Helse Vest RHF, dagsett 200414 – Behov for regionale døgnbaserte traumesentre for overgrepsofre
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 130814 - Statens retningslinjer for godtgjørelse til ledende ansatte
- E-post frå kommuneoverlege Karmøy kommune til Helse Vest RHF, dagsett 110814 - Fordeling psykiatere og psykologer i Rogaland sør vs nord
- Brev frå Helse Vest RHF til kommuneoverlege i Karmøy kommune, dagsett 180814 - Svar på e-post vedrørende fordeling av psykiatere og psykologer i Rogaland sør vs nord
- Brev frå Helse Stavanger HF til Helse Vest RHF, dagsett 190614 - Invitasjon til styreleder - åpning av nytt bygg - Stavanger DPS

- E-post frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 280714 – Invitasjon til styreseminar frå Nærings- og fiskeridepartementet
- Kopi av brev frå Sjukehusaksjonen Nordfjord til HOD, dagsett 250814 – Vedkomande areal ved Nordfjord sjukehus tiltenkt ambulansestasjon på Eid
- UO - Brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Helse Vest RHF, dagsett 060814 - Utfall tilsynssak - Curato Røntgen, Haugesund
- UO - Brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Helse Vest RHF, dagsett 110814 - Orientering om pliktbot

Ref. Torunn Nilsen
03. 09. 2014

Terje Vareberg	Styreleiar
----------------	------------

Lise Reinertsen	Nestleiar
-----------------	-----------

Ohene Aboagye	Medlem
---------------	--------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
--------------------------	--------

Olin Johanne Henden	Medlem
---------------------	--------

Tom Guldhav	Medlem
-------------	--------

Lise Karin Strømme	Medlem
--------------------	--------

Reidun Nyborg Johansen	Medlem
------------------------	--------

Aslaug Husa	Medlem
-------------	--------